

VARHAUGBUEN

STEINKJERRINGA 100 ÅR
SIDE 10 - 12

BONDELAGET
SIDE 14

KOFTEKVELD
SIDE 32

HÅ KARATEKLUBB
SIDE 34 - 35



BARNAS DAG - VIL
SIDE 36 - 37



Sjur Håland

- MÅ BRUKA HENDENE FOR Å LÆRA

Den praktiske skulen og - kvardagen er avgjerande viktig for barn og unge.

- Å læra ved å gjera er eit solid uttrykk frå 4H, som har forstått kva det går i. Du lærer med hendene, det er faktisk slik det fungerer, seier handverkar Jon Harald Håland.

Han synar fram eit bilete frå Naturhistorisk Museum i London i samband med ein tekst av spaltist og forfattar Siri Helle i avisa Dag og Tid. Figurane er modellerte etter kor stor del av hjernekapasiteten kroppsdelane legg beslag på. Både i den motoriske og sensoriske modellen er hendene enorme.

Opnar hjernen

Siri Helle skriv: «Ved å lære oss å bruke hendene våre til praktiske handlingar opnar vi rett og slett opp hjernen vår og når han på ein annan måte. Difor skal vi ha ein skule som gjev alle elevar tilgang til å utvikle praktiske ferdigheiter frå fyrste til siste dag. For å bygge heile menneske».

- Eg kunne ikkje ha vore meir enig, seier Jon Harald.

Sjølv fekk han sleppa til med verktoy og praktisk arbeid frå han var ein liten neve stor. 1949-modellen vaks opp på Vigrestad og på garden Melhodl på Varhaug.

- Maling, tapetsering, muring, rørlegging eller kva som helst. Me barna var med og lærte det meste av praktiske ting, det har eg hatt stor nytte av seinare, seier han.

Matte med fyrstikker

På Voll-skulen på Vigrestad møttest teori og praksis på ein fin måte. Lærer Katinka Oppdal visste korleis ho skulle få inn matematikken. Handla oppgåva om å trekke eit tal frå eit anna, må og måtte elevane i mange tilfelle låna frå eit anna tal for å få reknestykket til å gå opp. Då fekk dei ti fyrstikker samla i ein bunt med ein strikk rundt. Lånte Jon Harald ein, tok han ei fyrstikke og hadde ni att.

- Lærdommen fall på plass med ein gong, dette var det råd å førehalda seg til, seier han.

Å læra skulefaga gjekk greitt, om du ser vekk frå grammatikken då, som eg ikkje var så glad i. Men det var i sløyd og anna handarbeid eg verkeleg stortreivst, seier han.

Vart ikkje sjømann

Jon Harald var 15 år, stod på dekket på skuleskipet og skulle snart reisa i utanriksfart som sjømann. Men ei brå lovending av reglane gjorde at han måtte venta eitt år. Dermed valde han å heller følgja tradisjonen til både far, farfar og oldefar (og nå er to av barnebarna hans tømrrarar med svennebreve).



I glas og ramme: Svennebrevet frå 1969 heng framleis i glas og ramme på kontoret til Jon Harald Håland.

SpareBank
SR-BANK

Sammen får vi ting til å skje.


SPAR

Prev SPAR Varhaug sin nettbutikk

Klikk deg inn på
spar.no og bestill
varene heim!

Mail: spar.varhaug@spar.no

S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN



Slekters gang: Bygging av høne- og grisehus på Vigrestad med ny hammar frå næraste butikken på Vigrestad, «Ævesten», saman med far, Jørgen Håland. Årstalet er 1955. Jon Harald er seks år. Nedst bilete frå då det same huset vart rive kring 2003 av Jon Harald og barnebarnet hans Alexander. Øvst står eit anna barnebarn, Amanda, med spikarbeltet på.

Sjokkstart i Sirevåg

Året var 1964. Han byrja som tømrrar. Første arbeidsgivaren var Gunstein Waldeland. Den første dagen på jobb panelerte han eit innvendig tak på eit kjølelager i Sirevåg saman med dei drivne karane. Armane sveid. Det gjorde rett og slett vondt.

- Då var eg sjokkert. Forstod ikkje at det var musklane mine som reagerte på uvandt arbeidsstilling - og forstod heller ikkje korleis det kunne ha seg at dei andre ikkje såg ut til å ha vondt i det heile.

Løn for strevet? Kroner 3,50 per time!

- Tilsvarande kva det kosta å koma inn på dansen på Vigrestad på den tida, smilar han.

Arbeid og skule

Læringskurva var bratt. Ungdommen saug til seg både praktisk og teoretisk kunnskap. Samstundes med tømrrarbeidet på dagtid tok han svennebrevet med skule på kveldane. Provet, sjølv svennebrevet, fekk han i hende som 20-åring i desember 1969.

- Kombinasjonen med praksis og teori var ein fantastisk måte å læra på, seier han.

Jon Harald vart ikkje skremd av verken hardt arbeid eller skule. Så snart han hadde det han trong av obligatorisk praksistid, var det i 1972 tid for meister-

brevet. Etter nødvendig praksistid og teori fekk han i 1975 «Godkjenning som entreprenør i fagområdet B, hele Riket.» Godkjenninga fekk han frå «Det Kongelige Departement for industri og håndverk.»

- Sett i ettertid var eg nok svært ivrig på å få teorien på plass. Men eg kan ikkje plent peika konkret på kva som motiverte meg. Men eg er glad eg gjorde som eg gjorde, seier han.

På egne bein

I tida som følgde var han sjølvstendig næringsdrivande og tømra i lag med Reidar Lerbrekk og Mindor Skretting. Seinare, kring 1973, starta han eige firma og fekk på plass den første tilsette, Magnar Bratland.

- På denne tida vart eg gift med Anny. Me bygde hus og fekk tre barn. I periodar alt på ei gong. Ei travel og gild tid, seier han.

Lange historier må dessverre gjerast korte for å få plass i Varhaugbuen. Etter mange tiår med eige byggefirma, har dagane nå blitt rolegare. Men Jon Harald sit ikkje med nevene i fanget og tvinnar tom-meltottar. Dagane startar klokka halv sju med ein fire kilometer rask spasertur, deretter langsame frukostrutinar før dagens gjeremål tek til rundt klokka ti. Han brukar framleis både hender og hovud.

- Arbeidslivet har vore godt. Ingen dans på roser, så klart, men det var meningsfylt og rikt. Så er det jo gildt å sjå husa me har bygd. Spora me har sett etter oss. Det har blitt ganske mange, både her i bygda og rundt om på Jæren i løpet av åra.

Heimen er læringsarena

Jon Harald er mellom anna engasjert i lokalpolitikk, han arbeider som friviljug rådgivar blant innvandrarakar, og har livserfaring og meiningar. Som kor viktig den praktiske skulen er.



Jærbruar? Figurane utstilt i Naturhistorisk Museum i London illustrerer at hendene er den kroppsdelen som legg størst beslag på hjernekapasiteten. - La ungane læra ved å gjera. Også på skulen. Ta dei med i smått og stort, oppmodar Jon Harald Håland. Foto frå Wikipedia Commons.

- Den er svært viktig og bør utviklast. I tillegg er heimen ein svært viktig læringsarena.
- Heimen?
- Ja, dette er nok ein av mine viktigaste kjepphestar. Vår tilnærming då barna og barnebarna var små var å ha dei med i det praktiske, både inne og ute. Ting gjer seg ikkje sjølv. Barna lærer ikkje av berre teori. Dei må få prøva seg i det praktiske. Bruka hendene.

Trillebår og spade

Så dermed er oppmodinga til dagens foreldre frå veteranen, Jon Harald, klar:

- Utstyr barna med trillebår, plastspade og arbeidsklede. Ver eit førebilete. Ta dei med deg i kvardagens gjeremål. I dag er det gjerne litt hektisk, men dette med å bruka hender og hovud samtidig er så utruleg viktig for utvikling og læring for dei små.

Det var slik det starta for hans eigen del. Han fekk oppgåver og tillit frå mor og far, og lærte med hendene. Tidleg. Og fekk anerkjenning når jobben var gjort. Det er slikt ein veks på. I tillegg til mjølk, grovbrød og tran.

- Klart det er lettare når du veks opp på ein gard. Men hus og hage skal også driftast og haldast ved like, seier Jon Harald.

Nevane trengs framleis

- Treng me eigentleg handverkarar i dag. Er det ikkje nok med kunstig intelligens og influensarar?
- Me treng både akademikarar og handverkarar.

SAGT OM TEORI:

Teori er når man vet alt og ingenting stemmer. Praksis er når alt stemmer og ingen vet hvorfor.

I dette rom blir teori og praksis forenet
- ingenting stemmer og ingen vet hvorfor.

Og dei kan henta hjelp frå den kunstige intelligensen. Nye hjelpemiddel er bra. Eg har gått vegen frå hammar og dei enklaste skrujerna, til dagens batteri-drillar og bits-skruer. For ikkje å snakka om då me gjekk frå smergelskiva til diamantblad. Det var reine revolusjonen.

- Så nevane trengs framleis?
- Ja, pluss det du har oppi hovudet som styrer det heile.

Alt har ein ende. Kaffekoppen er tom. Den trivelige samtalen er slutt.

Men det er ein liten ting til du kan ta med, seier Jon Harald.

- Av og til gjorde me katastrofale feil, der og då, som lenge etterpå har blitt morosame minne. Me skulle montera ny dør mellom soverom og stove i eit eldre hus. Tømraren tenkte minst mogleg støv i stova, tok dei naudsynte måla på soveromsveggen og fyrte kjedesaga. Vips var det dørøpning. Han steig inn i stova. Der hang det eit halvt maleri på veggen. Resten låg på golvet.



Uteskule: Jon Harald (med strikkehuva) og broren Knut Håland i torvmyra ved Vannavatnet ein gong på 1950-talet.

HOBBYAKTIVITETAR PÅ VARHAUG

Onsdag 2. april og 9. april
Kl. 15.00–17.30


Kom og prøv enkle hobbyaktivitetar.



FORFATTARBESØK AV ANDERS TOTLAND

Torsdag 6. mars Kl. 18.00
Varhaug

Anders Totland presenterer bøkene sine
om Jacob Juul, ein pensjonert prest.
Ironi, humor, sarkasme, parodi og friske spark i alle
himmelretningar. Underholdande røvarromanar.



FRÅ REDAKSJONEN

For eit flott ver me har! Sol frå klar himmel, og så ikkje vind! Det er mest ikkje til å tru. I vermeldinga, vart det trur med litt snø, men den kom heldigvis ikkje. Trur me har hatt nok md den snøen me hadde tidlegare.

Nå er me alt kome halvvegs i februar månad og, så det går fort mot vår. Merkar alt at det er lengre lyse kveldar, og det virket og inn på humøret. Tykkjer eg vert lettare både i føtene og hovudet når det går mot lysare tider.

Takk for alt stoffet eg fekk inn før fristen. Det er alltid gildt når eg skal til «å sy bladet saman». Det er like spennande kvar gong, og eg storkoser meg med arbeidet (som eg i grunnen ikkje reknar som noko arbeid, men berre kos). Veldig gildt at andre enn eigarlaga kjem med stoff. Eg tek og med stoff frå årsmøta til dei laga eg har vore på, om dei ikkje kjem med noko sjølv. Tenker det kan vera opplysende, og kanskje gildt, at til-flytta folk til Varhaug får sjå alt me har «her ute på landet».




Photo by Leonardo Toshiko Okubo on Unsplash

LÆRA SPRÅK

Når veret syner seg frå si beste side akkurat den dagen eg skal sykla rundt med Varhaugbuen blir eg ekstra glad. Eg er av den oppfatning at når eg skal rundt i eit byggefelt så er det mykje meir praktisk med sykkel enn med bil. Sånn og denne dagen i slutten av november. Ikkje glatt og ikkje vind. Så etter runden med blada fant eg ut at eg like godt kunne ta ein tur til Odland for å ordne på grava. Å få med seg ein dekorasjon i ein plastpose på styret går godt når det ikkje bles. Eg må ta den gode sykkelen utan bagasjebrett når eg skal så langt som til Odland.

Etterpå måtte eg sjølv sagt ta ein omveg om Husveg og Lerbrekk heim att. Ein stopp for fotografering mot vest i det sola er på sitt siste, høyre med. Og så går likegodt sykkelen nesten av seg sjølv ned til Kongevegen. Der treffe eg på ei ung jente som er ute og går med ein stor hund. Ho har litt problem med å halda hunden for den har lyst å snusa på meg som då har stoppa for endå eit fotomotiv. Eg kjem i drøs med jenta og hunden. Ho fortel at ho har vore ute ein time med hunden i samband med å trene til spanskprøve dagen etter. Eg spør om ho går på vidaregåande, men ho går i tiende og har hatt spansk i både åttende og niende og nå i tiende.

Ja, ja, seier eg. Tidene endrar seg. Eg kan så vidt litt engelsk som eg har lært meg i godt vaksen

alder. Rett nok kom det litt engelskundervisning då eg begynte i sjetten klasse, men det var frivillig og etter skuletid. Med andre ord, me måtte sykla ned til skulen ein gong til. Eg heldt ut i sjetten, men tenkte at det kjem eg aldri til å få bruk for. Så eg stoppa med det. Eg måtte gå den praktiske linja på framhaldsskulen fordi eg ikkje hadde hatt engelsk i sjuande klasse.

Som syttenåring reiste eg til Ålesund for å gå på folkehøgskule. Då gjekk eg teoretisk linje. Eg hadde hatt meir enn nok kjøkkenskule på framhaldsskulen. Så då vart det engelsk att frå startstreken. Det seier seg sjølv at det var absolutt ingen ting til å kome seg fram i verda på. Men verda var ikkje så stor på 1960-talet. Det var først etter at eg hadde gått på Vinterlandbruksskulen at verda tok til å opne seg for meg. For då fekk eg ei veninne som kom frå i Canada, og ho ynskte besøk. I 1988 reiste eg på besøk til henne. Ho budde då i Toronto. Ja, eg kom fram og eg kom heim att. Eg hadde tidlegare teke eit engelskkurs som gjekk i radio og fjernsyn, så eg kunne bitte litt. Veninna mi kunne norsk, men det kunne ikkje mannen. Så eg var nokså hjelpelaus.

Vel heimkomen møtte eg ein dag tilfeldigvis på Anne Sofie Haarr som då var rektor på ungdomsskulen på Varhaug. Ho fortalde at den

kvelden skulle vaksenopplæringa starte med kurs i engelsk og norsk. Eg sa at eg lenge hadde tenkt eg skulle teke eit kurs i engelsk, men eg trong nok eit puff. Og puffet fekk eg av Anne Sofie. -Det er plass til fleire på engelskkurset, så berre kom i kveld, sa ho. Og dermed mota eg meg opp og starta på skikkeleg med engelsk. Gongen etter fekk eg med meg ei veninne. Det var kjekkare å vere to, så kunne me puffe litt på kvarandre. Det er aldri for seint å lære seg noko nytt.

Men det var ikkje nok med det. Eg hadde ein liten draum om å reise til England på språkkurs. Eg fekk tak i adressa til språkskulen i Brighton der Solvor og Gaute hadde vore. Eg søkte og kom inn. Galen? Ja, kanskje det. Eg tok ferie heile august månad i 1989. Dei på rekneskapskontoret totte nok eg var litt sprø, men den som ingen ting vågar, vinn heller ingen ting. Før eg skulle reisa trente eg inni meg på korleis eg skulle presentera meg då eg kom fram. Så eg reiste til Brighton. Eg hadde bestilt henting på flyplassen til der eg skulle bu. Det gjekk fint. Eg budde privat hjå eit ektepar der ungane var flytta ut. To andre språkstudantar budde også der. Så det gjekk fint. Eg vart godt kjent med ei jente frå Sveits og ei frå Japan som eg lenge hadde kontakt med. Ho frå Sveits har vore på besøk her, og eg har også besøkt henne. Livet blir absolutt rikare når ein vågar å ta sjansen på litt eventyr. Eg var faktisk 43 år då eg reiste til England, så mange meinte nok eg var sprø. Eg hadde ingen å snakke norsk med, så i starten var eg nok litt forvirra når absolutt alt skulle gå på engelsk. Men eg kom etter kvart så langt at eg drøymde på engelsk.

Det er absolutt fornuftig å lære seg språk. Eg har fått god bruk for engelsken sjølv om ordforrådet ikkje er så avansert. Eg har tremenningar i California som eg har kontakt med. Dei kan ikkje norsk. Med retteprogram på PC'en så greie eg skriva litt slik at me kan halda kontakten. Det er stor framgang frå brevskriving for hand, for nå kan me på eit blunk kan senda ein e-post eller ei helsing på Messenger.

Verda har vorte mykje mindre nå enn då eg vaks opp. Nå lære ungane engelsk frå første klasse og har vore i det store utland nesten frå dei er født. Og altså spansk på ungdomsskulen. Om alt er betre nå enn då eg vaks opp er eg ikkje heilt sikker på. Men at livet er spennande - det er eg sikker på sjølv om eg nå er ei nokså gamal dame.

Brit, 28.11.2024

NYTT FRÅ MISJONS- HUSET

Mingleromet er forlengst tatt i bruk, og etter SUNDAGs- møtene er det kaffe og god drøs i mingleromet.

Det skjer mykje på misjonshuset. og no har Sveinung Hølmekabb booka julekonsert 10. desember. Det er noko me gled oss til.

Allereie 14. mars vert det «endeleg fredag» der Morten Gjerløyw Larsen har flott opplegg, og det vert varmmett. Her må ein melda seg på.

Misjonshuset sitt årsmøte vert 20. mars, og her kjem Tone Julseth Ydstebø frå Normisjon.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

I byggeperioden er kontoret midlertidig flytta til rom over hovudinngang, men kontakttelefon er den same.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er fortsatt på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Men grunna sjukehusopp-hald for leiaren har me hatt pause nokre dagar.

Håmesterskapet 2025 er planlagt 5. april på Varhaug misjonshus.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Norges sjakkforbund og ungdommens sjakkforbund er frå 1/1-2025 sammenslått.

No er det Norges sjakkforbund (NSF) som gjeld for registrert sjakk..

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringar overalt. Her er terminlista for Jæren sjakkklubb for våren 2025

Onsdag 5. februar: 960 Fischersjakk
 Onsdag 12. februar: Lynsjakk (3+2)
 Onsdag 19. februar: Rolig lynsjakk (5+3)
 (Onsdag 26. februar: Vinterferie)
 Onsdag 5. mars: Årsmøte + lynsjakk
 Onsdag 12. mars: Armageddon
 Onsdag 19. mars: Lynsjakk (3+2)
 Onsdag 26. mars: Hurtigsjakk 2 (10+5) - Runde 1-5
 Onsdag 2. april: Hurtigsjakk 2 (10+5) - Runde 6-10
 Onsdag 9. april: Rolig lynsjakk (5+3)
 (Onsdag 16. april: Påskeferie)
 Onsdag 23. april: Lynsjakk (3+2)
 Onsdag 30. april: Rolig lynsjakk (5+3)
 Onsdag 7. mai: Hurtigsjakk 3 - Runde 1-5 (FIDE-rated)
 Onsdag 14. mai: Hurtigsjakk 3 - Runde 6-10 (FIDE-rated)
 Onsdag 21. mai: Lynsjakk - tidshandicap
 Onsdag 28. mai: Armageddon
 Onsdag 4. juni: Rolig lynsjakk (5+3)
 Onsdag 11. juni: Sommeravslutning - klubbmesterskap lyn (FIDE-rated)

Velkommen til klubben. Klubben har egen internett-side: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



BETONGARBEID - TREARBEID
 Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltegub. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utnedling av fjøs.
 Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



VARHAUG PENSJONISTLAG



Program for våren 2025 for Varhaug Pensjonistlag

Sosialt rom/Salen på Varhaug Idrettslag

Tirsdag 25. mars 2025 kl.18.00 i Salen, Iden MERK Tid og sted!

Foredrag av Kristjan Mirmir Kristhansson. Kristjan Mirmir Kristjansson norsk politiker, journalist og forfatter.

Allsang med Agnes og Sølvi Elin

Åresalg med fine gevinster. Enkel servering.

Tirsdag 29. april 2025 kl. 18.00 i Salen, Iden MERK Tid og sted!

Sang og musikk av Frimenn og Terje Voll, leder og dirigent.

Åresalg med fine gevinster. Enkel servering.

Tirsdag 27. mai 2025

Busstur?

Nytt styre for 2025

Leiar Bjørg Merethe Reiestad. Nestleiar Magnar Ånestad. Kasserar Bjørg Reime Håland. Sekretær Gjertrud Edith Hobberstad. Styremedlemar Ingvar Reiestad og Oddny Søyland. VÅramedlemar Aud Torunn Hobberstad, Joham Skoran og Oddbjørg Skrettingland

Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.
Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.
Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 for 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

MOR NORGE FYLLER HUNDRE

Ingen andre mødre i Noreg har hatt så mange barn på fanget gjennom eit langt liv som sjølvaste Mor Norge. Denne våren fyller ho hundre år. Det vil seia; Steinkjerringa som ho vert kalla til dagleg, er eigentleg ganske mykje eldre. Men det er hundre år sidan ho kom til oss på Jæren, til Aniksdalsheia.

Ho vart unnfanga midt på 1890-talet. På den tida arbeidde Sigurd Neandros med ein skulptur med store dimensjonar, som han hadde tenkt skulle til USA. Det var sjølvaste George Washington han ville forma, og ved sida av skulle ei ung kvinne stå. Ho skulle halda eit barn i eine armen, og rekkja ei palmegrein opp til Washington med den andre. Dette prosjektet vart aldri fullført. Men at Neandros hadde store visjonar, i bokstavleg forstand, syntest klart alt då.

Etter giftermål i 1896 med den 19-årige Hulda, og ein son til familien alt same året, eksamen ved Kunstakademiet i København, og jobb ved Stavanger Tekniske Aftenskole frå 1897 av, vart kunstprosjektet endra. George Washington vart bytta ut med ei vaksen, eldre kvinne. Ho skulle vera fortida. Og så skulle den unge kvinna med eit barn på armen representera notida og framtida. Den gamle skulle hoggast i stein, og ungkvinna støypast i bronse – det var planen. «Nutiden der hylder fortiden» skulle vera tittelen. Sjølv rekna han ut at dette kunne koma til å kosta om lag 10 000 kroner. Det var jo ikkje lite pengar! Det nye monumentet måtte få ein sentral plass i Stavanger, tenkte Neandros. Rett framføre Kongsgård skole, og dermed også ganske nær Domkyrkja, ville vera fint. Og redaktør i Stavanger Aftenblad, Lars Oftedal, tente på ideen. Men det var mange som ikkje var samde med Oftedal. Vegen fram mot eit ferdig monument vart for lang. Han kom ikkje i mål med visjonen.

Ein som skaper

Sigurd Neandros (1870-1958) hadde Sørensen som etternamn frå fødselen av. Internasjonalt både no og den gongen, var ein ø i namnet ikkje så enkelt. Dessuten betydde Neandros-namnet «ein som skaper eller former». Sigurd var fødd i Stavanger, men familien reiste til Danmark då han var tolv år. Etter få år i Danmark var den unge Sigurd i USA, der han gjekk i skulptør-lære. Men han kom tilbake og fekk plass ved Kunstakademiet i København. Der var

det fleire lærarar som inspirerte han sterkt, ikkje minst Stephan Sinding. Den unge Neandros såg føre seg ruvande skulpturar og monument. Han sende mellom anna inn skulpturen «Havets datter» til den danske vårutstillinga.

Både Neandros og Oftedal hadde mange idear og var kreative med tanke på å samla inn midlane som skulle til. Det vart skipa til teaterveker og opplesingskveldar, til dømes. Og ganske tidleg heitte det seg at halvparten av summen var på plass. Ein del av byens mektige menn ville vera med. Mykje kunne tyda på at Stavanger-folket ville dette prosjektet! Men kritikarane var mange og sterke. Satirikarane heiv seg på. Neandros sine planar som vart kritiserte frå alle vinklar, og nidvise-forfattarane hadde gode tider. Men Neandros ga ikkje opp.

Stein og kobber

Neandros hadde vore på Ognå og funne ei steinblokk som skulle vera emne til «Fortiden». Steinkolossen fekk plass i eit skur ved jernbanestasjonen i Stavanger. Men på grunn av pengemangel måtte Neandros i stor grad hogga på statuen sjølv. Det var ikkje midlar til å løna steinhoggarar. I ei løe på Stokka fekk han lage av modell av «Nutiden», den unge kvinna. Denne vart forma i leire og deretter støypt i gips, og skulle til slutt støypast i kobber i Drammen. Så langt kom ho ikkje. Den foreløbige enden på visa vart at «Fortiden» vart ståande på stasjonsområdet i Stavanger i mange år. Og «Nutiden» vart ståande avgøymt på eit loft på museet. Men murmester A. Ellingsen tilbød seg etter ei tid å saga opp «Nutiden» i tre deler, mot at desse vart frakta heim til bustaden hans på Vaulen, der den skulle vera pryd i hagen. Han «balsamerte» og malte og olja den inn så godt han kunne, for at den skulle halda seg. Og det høyrde med til vilkåra at Neandros, om han kom tilbake, skulle få att sitt eige verk og halda fram arbeidet. Men det skjedde aldri. Og etter kvart gjekk «Nutiden» i oppløysing.

I 1902 tinga familien Neandros billetter til USA, og slo seg end i Ridgefield i New Jersey. Der vart dei verande livet ut. Han arbeidde med kunst også i sitt nye tilvere «over there», og deltok på utstillingar og konkurransar. Han oppnådde å få positiv omtale i amerikanske aviser. Ved eitt høve vart han karakterisert som «den internasjonalt kjente bilethoggaren».

Kolossen tek form

Eit endeleg farvel til familien Neandros, altså. Og til «Nutiden», den unge kvinna. Men ikkje til steinskulpturen. Emelankton Aadnesen (1889-1994; ja du les riktig; han vart 105 år) frå Nærbø var ganske ofte i Stavanger som gutunge. Han la merke til at det var eit spesielt skur der, som var såpass skrøpeleg at ein kunne sjå mellom sprekkeane kva som var inni. Nokre gonger var det faktisk ein mann inni der som heldt på å hogga på kolossen. Og for kvar gong Emelankton var i byen, kunne han sjå at figuren heldt på å ta form. Dette fascinerte Emelankton, og han gløymde aldri inntrykka. Men den nye distriktssjefen for jernbanen fekk flytta skulpturen litt lenger unna, og sidan vart den både gøymt vekk og gløymt. Men i 1924 skreiv Emelankton brev til jernbaneleiaren og spurde kva slags status skulpturen hadde. Eide, distriktssjefen ved jernbanen, sa at dei ikkje hadde ansvar for noko som helst, sidan den no stod utanfor deira eigedom. Men hør med murmeister A. Ellingsen. Han er den rette å spørja.

Emelankton var ikkje sein med å hiva seg rundt. Han reiste inn og møtte Ellingsen, som hadde teke vare både på «Fortiden» og «Nutiden», inntil denne siste gjekk i oppløysing. Dette var i advent 1924. Ellingsen var forundra over initiativet. Kva skal de med noko sånt? Kvar du vil gjera av kolossen? Emelankton sa at han hadde forstått at tomte der skulpturen stod, skulle ryddast, og skulpturen kvernast sundt og køyrast vekk. Men eg vil ta vare på den, sa han. Eg vil frakta den til Synesvarden, så har me noko fint å sjå på. Dette var kjente område for Emelankton, blant anna fordi kona hans, Helena fødd Aniksdal, var frå dette området aust for Vigrestad.

Alt den 06. januar 1925 drog fem menn frå Nærbø til Stavanger for å lasta statuen opp på ei jernbanevogn som skulle frakta den til Vigrestad. Aadnesen betalte reise og middag for heile denne gruppa. Det kosta visst kr 32,- har Emelankton sin nevø, Aadne, seinare fortalt. Toget med steinskulpturen måtte gjera ein stopp på Nærbø. For steinhella som «Fortiden» kviler på, måtte av her. Murmeister Ellingsen hadde nemleg sett som føresetnad at det skulle hoggast inn i den: Gave fra murmester Ellingsen.

Sterke hestar

Rasmus Skjærpe var svært dugande til slik hogging. Så Ellingsen fekk det som han ville, samt nokre andre inskripsjonar som ein kan sjå på Mor Norge den dag i dag. Mot vest ser ein at det står: Mor Norge. Reist 1925 av ungdom i Nærbø, Varhaug. Og mot aust: Gåva frå Asbjørn Ellingsen, murmeister 1924. Mot nord er det dette ein kan lesa: Hoggi S. Neandros 1898-1899. Dei so lagde steinvåpen her ærast. Eit signal til oss alle om å vera «trugne mot land og folk» står på sørsida.

Men korleis fekk dei Mor Norge opp der ho har stått i hundre år? Sjølve statuen vog om lag tre tonn. Dei innsåg med det same at den måtte delast opp. Jakob Aniksdal var rette mannen til eit slikt avgjerande arbeid. Frakta opp til Jolosten, som området heiter der Mor Norge enda si reise, tok to år. Tre svograr av Emelankton tok jobben for 100 kr kvar. Den første delen av reisa frå Vigrestad sentrum til Aniksdal gjekk med lastebilen til Tørres Kvía. Etterpå var det hestar som overtok. Dei tre karane hadde sterke hestar som skulle slepa statuen dei fem-seks kilometrane innover heia. Kvar gong det var frost og vinterføre, la dei i veg og slepte steinkolossen nokre meter vidare oppover. Dei sleit ut to sålingar under



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69



JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsgveien 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 26 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

**SERVICE • DELER
• REPRASJONER**



ABRØR
Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg
Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



**Erik Håland
Maskin AS**



Ole G



BØEN
Siden 1924

sleden, og visst nok fleire sett med seletøy til hestane. Men det står ikkje å lesa nokon stad at dei sleit ut hestane!

Møysommeleg og seintgåande arbeid, altså. Men det funka! Målet var å nå opp til Synesvarden. Det målet ga dei opp undervegs. På Jolosten bygde dei ein svær steinbukk. Dei lånte tre åtte meter lange stolpar frå E-verket på Nærbø til denne konstruksjonen. Utstyr elles var det Emelankton sjølv som sveisa og konstruerte. Emelankton si svigermor var grunneigar der Mor Norge vart ståande.

Den 7. juni 1927 var alt på plass, og i vater. Men det er rett å markera eit hundreårs jubileum for Mor Norge no i 2025. Det var i 1925 ho kom til oss. Ho trong berre litt tid for å koma seg i orden der ho skulle bu!

Så har tida tært på henne, og ved eit par høve har ho også vorte påført skader. Gode folk har gjort det som var mogleg for å reparera og ta vare på henne. Ho står trygt og støtt. Ho har eit vidt utsyn. Ho er ein attraksjon. Og dei seinare åra har gode krefter også ordna med stien fram til henne, slik at ho er lett å nå fram til, enten ein går frå Vigrestad, Håland, Holmavatn eller Kartavoll.

Sigurd Neandros hadde andre planar for henne då han sette i gang på 1890-talet. Han fekk heller aldri sjå henne der ho ruver i mektig natur. Men me som er glade i Mor Norge, er også glade for at det gjekk som det gjekk!

Paul Odland

Kjelder:

- Norsk kunstnerleksikon (1982-86)
- Gottfred Borghammer: Stavangerske rariteter (1935)
- Engwall Pahr-Iversen: Snodige skruer og fornøyelige figurer. Commentum 2013

BONDEN ER LEI AV Å

Årets landbruksmøte

Kvart år arrangerast stormøte på Varhaug. Møtet blir arrangert av Bondelaga i Hå i samarbeid med Sparebank Sør-Norge. Her blir tema om aktuell landbrukspolitikk tatt opp, og diskutert. Der kjem besøk frå stortingsrepresentantar og andre viktige politikarar som deltar i paneldebatten. I denne politiske debatten kan alle bøndene på møtet bruka moglegheita til å stilla spørsmål til panelet, og ytra si meining, og tanke om den kommande framtida i landbruket.

I år var temaet på møtet «valår 2025. Kva nå?». Her ble diskutert mange gode tema som: jordbruksforhandlingar, nasjonal beredskap, landbrukspolitikk i eit mogleg regjeringsskifte, bondens inntekt, rekruttering, talgrunnlag, skatt, investering, samvirke og marknadsregulering som nokre eksempel. Under møtet presenterte alle partia kva deira parti vil gjera for landbruket framover mot valet.

Ei usikker framtid

På møtet kjem det opp mykje diskusjon om framtida i landbruket, det å sjå framover er viktig for samfunnet. For unge bønder er framtidas landbrukspolitikk avgjerande. Unge bønder er håpet for norsk beredskap og landbruk. For å kunna rekruttera folk til å ta eit tak i dette «tunge, vanskelege og ulønnsame yrket» må bonden få ei inntekt å leve av.





Foto Håvard Ovesen, Jærbladet

Bondens inntekt må vekse på lik grunn med utgiftene, og i desse tider auker bare utgiftene. «Landbruket har blitt splitta i to. Den eine delen tar ekstra-jobbar utanom bondeyrket, og den andre 3-doblar fjaset sitt for å kunne tene pengar» seier Ståle Hustoft, leier i Rogaland Bondelag på møtet. For ei framtid i norsk matproduksjon vil dette vera kritiske tilstander.

Unge bønders side

For å sjå saka frå den unge framtidsbonden si side, vil me merka at alt kan skje. Og at dei må førebu seg på ei usikker framtid. Utan føreseieleg økonomi er det vanskeleg å sjå lys i tunnelen. I eit intervju, gjort av Jærbladet onsdag 29.januar 2025, seier odels-guten Johannes Fjermestad (18) «at han gler seg, men innrømmer at tanken på investeringa han må gjera i nytt lausdriftfjos skremmer». Det er jo ikkje til å legge skjul på at Norge utan bonden, mat og landbruk vil vera som julemiddag utan pinnekjøtt, altså heilt ubrukeleg. Så me får alle å ein kvar spørja oss sjølv kva slags framtid me vil ha.

Live

BEDRIFTSBESØK

Årets Stormøte er over for denne gong der møtet var politisk prega sidan det er valg til hausten. Ellers har der vore medlemsmøte med bedriftsbesøk hos Reime og Underhaug på Nærbø i saman med vennskapsbondelaga Tysvær, Bore og Forsand Bondelag. Denne veka har me hatt medlemsmøte med innspill til jordbruksforhandlingane.

Andreas Rød



VARHAUG BU ARRANGERER DANMARKS-TUR



I lag med Time Bygdeungdomslag har Varhaug BU arrangert en studietur til Danmark. 30 gode BU-ara, og verdens snilleste bussjåfør ifrå Vigrestad- buss var med oss på turen. Målet med turen var en hyggelig opplevelse, og en god tur, men også å få et innblikk i hvordan landbruket i Danmark ser ut.

Det ble en kjekk og spennende tur. Vi besøkte 2 gardar i Aalborg, og 1 maskinstasjon. Den ene garden hadde 520 Holstein med årsytelse på 14.000kg EKM, med 8 melkeroboter. Den andre garden hadde 410 Jersey med årsytelse på 12.000kg EKM med 7 melkeroboter. Dette blei 2 flotte opplevelser, vi fikk informasjon om hvordan garden var oppbygd, økonomi, maskiner, kvote, hverdagen, og alt annet vi hadde spørsmål om!

Maskinstasjonen: Vogn maskinstasjon hadde mange store og røe maskiner, og mye spennende kunnskap om maskiner og landbruk. Dette blir en BU tradisjon.

Live





Me kan gle oss til kortreist kvalitetskonsert i Løa på Lensmannsgarden rett over påske.

Fredag 25 april kl. 19:00 får me eit etterlengta gjensyn med «Johnny Red and The Prayerhouse». Bandet har hatt ein pause, men no er dei tilbake i manesjen. Like gildt vert det å høyra att Inger Elisabeth Dåsvand, som for nokre år sidan hadde etternamnet Aniksdal, som avslører at også ho kunne kallast kortreist den tida ho budde på Vigrestad.

Billettar kan kjøpast på linticket.no, 270 kr + avgift.
Aldersgrense 18 år.

Om artistane:

Johnny Red and The Prayerhouse People



Johnny Red & The Prayerhouse People, dei fem mørkkledde mennene frå det forblåste Jæren, har etter nokre år i villreie no børsta støvet av hatt og dress, og sala opp for nye musikalske eventyr. Det er framleis mørkt og dystert, og det er framleis von, det dei går og ber på, og musikken vitnar enno om rock, bedehus og amerikansk folk. No vert det gamalt og nytt, og den som kjem, får både sjå og høyre!

Inger E Dåsvand

Inger E Dåsvand skriv og syng tankefulle og glad-melankolske songar på grensa til viser, med hint av både det eine og det andre og ofte gitarbasert. Ho likar å gå utanom dei store klisjeane for å betrakta litt på avstand, og deler gjerne sine historier med dei som har lyst til å høyre på.





Lensmannsgarden på Varhaug

Fredag 4.april kl 19.00

Ivan Storm Juliussen



- * Ivan Storm Juliussen syng taterviser
- * Panelsamtale om påske og taterliv
 - Leif Wikøren Nilsen, sokneprest i Eigersund
 - Ivan Storm Juliussen
 - Hans Torgny Indrebø

Krav til publikum og arrangør: 😊

- Ingen spøting blant publikum!
- Det må vera marsipankake!

Billetter kan kjøpast på linticket.no (275 kr + avgift) Aldersgrense 18 år



FAU på Varhaug skule har stått i spissen for å få til ein hjertestartar på utsida av skulen. Den er nå på plass, og er sponsa av Varhaug misjonskyrkje og Sparebankstiftelsen.

I tillegg vert det tilbod om opplæring av elevar og vaksne.

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløa

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Live Skretting -

Bygdeungdomslaget

Gro Ånestad Bratland -

Bygdekvinnelaget

1. vara

Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara

Anne Mette Tunheim -

Vennelaget for Lennsmannsløa



HAGELAGET

Foreløpig årsplan for Hagelaget. Med forbehold om endringer.

Dato	aktivitet	sted
18. mar	Maren Rom kommer til Øksnevad vgs.	arrangør Klepp Hagelag
5. apr	Sådag for barn	Hå folkebibliotek Nærbø
10. apr	påskemøte	ikke avklart
24. apr	vårmøte med BK, VBK og NBK	Bondekompaniet
8. mai	Plantebyttedag	ikke avklart
19. mai	hagevandring	Åse Marie Braut, Kleppe
25. mai	familiedag	Grødaland
31. mai	stand på plantemarked	Bryne torg
19. jun	hagevandring	Anne Marie og Arve + Villy Friestad, Vigrestad
23. aug	tur med Klepp hagelag	ikke avklart
28. aug	hagelagsmøte	ikke avklart
september	haustmarked	Hå sjukeheim
11. sep	Besøk Anda Blomstergård	Klepp stasjon
23. okt	hagelagsmøte	ikke avklart
27. nov	Julamøte	ikke avklart
15. jan	hagelagsmøte	ikke avklart
12. feb	årsmøte	ikke avklart



Oppdatert informasjon om arrangement på facebook sida til Hå hagelag.
May Helen

En alliansebank i **eika**.

Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no

ENDELIG FREDAG ...

Fredag 14. mars får me besøk av Morten Gjerløw Larsen.

Han er godt kjent i teater-og revymiljøet, showmann og musikalartist.

Det som ikkje er like kjent er hans alkoholproblem, og som han har halde skjult. På eit tidspunkt ligg han på gulvet på eit hotellrom og erkjenner for seg sjølv at han er alkoholiker. Dette fører til eit vendepunkt i livet for Morten.

Velkommen til Varhaug misjonshus 14. mars. kl.19.30 og høyr historien til Morten.

Han vil fortelje om livet sitt og synge kjente og sjølv komponerte sanger akkompagnert av flotte musikere.

Dette blir ein kveld der du kan koma ilag med gode venner eller åleine, nyte god mat, sterk historie og fin musikk. Passer for alle aldrer.

Glenn

Endelig fredag...

14. mars kl 19.30 Varhaug misjonshus

Høyr livshistoria til Morten.

-Profesjonell sanger, motivator og føredragshaldar

Servering av varmrett og dessert

Påmelding innen 10. mars

Marie: 988 17 527
Berit: 994 88 957

Kr. 350 pr. person

Morten Gjerløw Larsen

FRØBIBLIOTEK – EIT SAMARBEID MED HÅ HAGELAG OG HÅ FOLKEBIBLIOTEK

I alle dagar, går det an å låna frø? Ja, nå går det an. Torsdag den 20. februar 2025 vart snora klipt av ordførar Andreas Bjorland på Hå folkebibliotek på Nærbø.

Leiar i Hå hagelag, May Helen Skrettingland ynskte velkomen til dei som var møtt fram i høve snorklipping og opning av dette frøbiblioteket i Hå. Dette er eit samarbeid som har vore under planlegging ei stund. Så nå var det gildt at det endeleg vart ein realitet. Ekstra gildt at ordførar Andreas Bjorland ville vera med. –Dette er spennande, sa ordføraren. Å prøva noko nytt og sjå at ein får det til, det gir ei god kjensle.

Her er det levert inn frø frå medlemmer i hagelaget som ligg i kvar si skuff. Her kan du om våren låne frø. Så kan du heim og så. Om hausten samlar du så frø som du leverer tilbake til biblioteket der det blir lagt i skuffa att. Det er viktig at du merker pose/kaffifilter med plantenamn og årstal. Ein kan maksimalt låna fem frøposar per husstand per besøk på biblioteket. Ein kan berre låne ein pose av kvar frøtype per besøk. Hugs å registrere lånet.



Dette vart feira med marsipankake og kaffi/te til dei som var møtt fram. Og det høyrest spennande ut for dei som likar å så. Her er frø av både blomar og grønsaker. Så det er berre å koma i gang.

Ein annan ting som eg merka meg då eg var innom biblioteket var at det på eit bord sto stiklingar av inneplanter i glas med vatn. Her kan du ta med stiklingar heimanfrå og byte med nokon du ikkje har frå før. Biblioteket er meir enn bøker. Lesing gjer godt. Men planter og blomar gjer og godt. Lukke til!

Brit Obrestad



NYTT I BYGDAHUSET

Sjølv om det er ei god stund sidan eg var engasjert i Internatet, og kjøp av Bygdahuset, så er det noko eg framleis er oppteken av, og tenker på. Så eg vart lei meg, då det plutseleg stod tome rom, der yogaen hadde vore. Men heldigvis så skjedde det noko positivt.

Så nå held dei på med ei oppjustering av roma, slik at dei vert klar for frisørarbeid, og så er Sentrumsalongen klar for nye kundar i nytt bygg i april. Dette vert gildt.

Liv



I løpet av Våren flytter vi Sentrum Salongen



Nytt frå Lerbrekk

SUNDAGSKAFÉ

Det blir ny sundagskafé søndag 6. april kl. 14 - 17.

Velkomen innom for ein kopp kaffi og litt å bita i. Og ikkje minst; ein koseleg drøs.

HÅ MÅLLAG

Hå Mållag hadde årsmøte 6. februar.

Desse sit nå i styret:

Leiar: Arne Reidar Hæåk

Kasserar: Oddvar B.Høyland

Sekretær: Jon Arne Silgjerd

Styremedlem: Eva Hægstad

Styremedlem Inger Størseth Haarr

Hå Mållag har 66 medlemmar, ein liten oppgang frå 2023.

HÅ SENIOR-UNIVERSITET

Hå senioruniversitet har hatt årsmøte, der Søren Sviland fortalde og viste bilde frå eit langt liv som naturfotograf.

I styret er:

Kristen Lea Gausland, leiar

Åslaug Harbo og Knut H. Fjell, styremedlemar

Liv J. Reiestad og Møyfrid Skrettingland, varamedlemar

ÅRSMØTE VENNELAGET LERBREKK SKULE

Torsdag 13. mars kl. 19.00 har Vennelaget årsmøte på Lerbrekk skule. Vanlege årsmøtesaker, servering og utlodding. Alle er velkomne til ein triveleg kveld på Lerbrekk. Du treng ikkje vera medlem for å koma til Lerbrekk. Men Vennelaget ynskjer fleire velkomne som medlemmer i laget.



ÅRSMELDING VENNELAGET LERBREKK SKULE 28. MELDINGSÅRET

Så har eg opplevd det som så mange gonger før: Ein som var her på skulen i haust for fyrste gong i sitt liv, sa: «Eg har susa forbi her i 40 år, til og frå Ognå. Kom aldri på at det var så koseleg å vera her.» Då kjem eg på eit visdomsord frå Arne Garborg: «De må ikkje gå så fort at de ikkje ser»!

Det er alltid spennande å sjå gjennom både Gjesteboka og Bestillingsboka. Eg kjenner på stor TAKK, når eg ser alt som har passert endå eit år. Mange glade og takksame tilbakemeldingar.

Årsmøtet i fjor var 14. mars, då Odd Dubland var gjestetalar.

Snaut 1600 har notert seg i gjesteboka, noko mindre enn i 2023. Då var det litt fleire Haga-buss-besøk. Elevane frå 2. trinn Varhaug skule var heller ikkje på gammeldags skuledag, som i 2023.

Men det har vore 12 gebursdagar, 6 barnedåps-selskap. 5 kurskveldar om «Kristninga av Norge». Anne Varhaug Nordkil, stod for det opplegget i regi av Vennelaget, 3 søskenbarntreff, 2 konfirmasjonar, 3 minnesamverl og 5 sundags-kafear.

Klara Pil, hadde kurs 16.- 17.april , og den årlige

Kunst og Kult helga 26. og 27. oktober. Veldig god oppslutning ,og Utstillarane er takksame og glade for opplevinga av å vera her på nytt. Ca 270 inntom denne helga. Den fyrste utstillinga hadde Kunst og Kult i oktober 2009. Sidan har dei kome att, år etter år.

Må ha med at 13-14 personar av Vennelaget sine folk, var i sving den helga, for at matstyr, oppvask, parkering og mykje anna har fungert så bra. Tusen takk!

DNT, Edrueleg Livsstil, hadde årsmøte 16. april.

22. mai, besøk frå TA BO dagsenter, Tananger.

30. mai, Høyland menighet, Sandnes. (Haga-Buss)

11. juni, Sola sanitetsforening, på besøk. (Haga-Buss)

Klokkarhagen har besøkt oss to gonger. Siste gong, Julesamling. Då vart det ekstra fest med julesongar, Juleevangeliet, julenisse og julemat. Juletreet var og pynta.

Det vart «suksess» då Astrid Topdal kom for å syna filmen: «Minner frå melkespannas tid». I tillegg hadde ho fått med seg Torlund Ueland, som fortalde frå si tid som melkebilsjåfør (med spann). Kaffi og lappar og omvisning på skulen. 80 stk. møtte.

1. oktober, Kontaktutvalget for Bygg og Anlegg, i Hå, var på synfaring her. Me fekk rosande ord frå dei, over det dei såg og hørde om arbeidet her.

13. november møtte eg ei gruppe med unge og eldre, som ynskte å laga ein reklamefilm for foreininga «Dysleksi Jæren». Det vart den gamle pultastova frå 1865 som slo godt an då. Dei unge vart kledd opp i gamle klede og kosa seg i ein haug.

Grillkvelden 1. august samla 80 stk. Thore Marton Sviland og «Agnes og Dei», gleda oss med song og musikk. Arvid og Hans Varhaug gjekk frå siloslåtten i nokre timar for å ordna med Grillmaten i år igjen.

Den årlege «graudafesten» 5. desember, samla full sal igjen. Ordførar, Andreas Bjorland var med oss. Då eg snakka med han tidlegare på året, spurde han: «Kæ vil de eg skal snakka om». «Me vil helst verta litt meir kjent med den nye ordføraren. Lite politikk», sa eg. «Eg kjæme» sa han. «Dette gler eg meg til.» Det vart eit fantastisk interessant og gildt innlegg.

Juletreffesten 28. desember kl. 17.00 samla 65 stk. Sokneprest, Per Kjartan Veggeland var med oss, han var gild å høyra på. Agnes og Sølvi Elin spela trekkspel til songane. Stor takk til Agnes, Mariann Oddrunn og Dag, som tek ansvar for festen, i

Vennelaget. Nissen møtte og fram for å dela ut posar til borna. Og her må eg bare ta med ein herleg uttale frå vårt oldebarn, Elvira på 5 år. «Eg såg nissen hadde giftinger».

Elles var det ei travel julehelg med 4 familieselskap utanom juletreffesten, der den «TAPPRE» vaske-gjengen, stilte på vask midt i all feiringa, om att og om att.

I meldingsåret er 7 av medlemmane i Vennelaget gått bort. Laget har nå 126 medlemar.

Styret har hatt 4 styremøter og elles god kontakt med kvarandre.

Brit Obrestad har vore Vennelaget sin representant i Varhaugbuen.

Stor takk til alle som deltek med dei forskjellige oppgåver som fylgjer med gjennom året.

Styret i 2024 har vore:

Sigbjørn Varhaug - formann, Dag Varhaug, Brit Obrestad, Oddvar Ånestad, Ingunn Reiestad

Vara: Aud Torunn Hobberstad, Sissel Roa Hobberstad

Varhaug, februar 2025

For styret

Sigbjørn Varhaug



GRAUTAFESTEN TIL VENNELAGET LERBREKK SKULE

Den 5.12.24 blei det arrangert Grautafest på det gamle skulehuset på Lerbrekk. Det er ein årelang tradisjon som mange gleder seg til. Dette året var været absolutt ikkje med oss. Likevel møtte det opp omtrent 50 forventningsfulle gjester.

Grauten hadde flittige damer i styret koka heime. Lefsene var baka tidlegare, og blei plukka fram frå frysa. Kaffien og småkakene var òg klar på kanner og fat når gjestene strøymde inn.

Sigbjørn Varhaug ønska hjarteleg velkommen, og det vart sang frå sangbøkene som var levert ut. Brit Obrestad spela på orgelet, og hjalp oss med å treffa riktig tone.

Ordføraren i Hå var invitert til å fortelja litt om seg sjølv. Han fortalde om fin oppvekst på gard, der far-mor og farfar budde rett ved sida. Han hadde mange gode minner, men opplevde òg å mista far sin når han var veldig ung. Sjølv sagt gjer det noko med eit barnesinn. Derfor hadde han god forståing for unge gutar som sleit med å konsentrera seg på skulen, når tankane kolliderte i hovudet. I det heile trur eg mange kunne vera enig i at det finnes gode løysingar for alle elevar som slit, berre ein kan treffa noko dei har interesse for. Det var interessant å høyra om hans tankar og eksempler på dette. Ordføraren fekk takk og blomar for innlegget.

Deretter kom grauten og lefsene på bordet. Og godlyden vart ikkje mindre når det også vart servert småkaker og kaffi.

I laget var to medlemmer som begge hadde blitt 85 år, og dei hadde vore ivrige på dugnad i mange år. Det var Odd Varhaug og Eirik J. Varhaug som fekk fine ord og blomar.

Sissel Roa Hobberstad hadde eit innlegg før åresalget starta. Mange flotte gevinstar frista, og det blei godt salg.

Heilt til slutt las Sigbjørn Varhaug juleevangeliet. Det minner oss om kvifor me feirar jul. Når gjestene sa takk for seg, og gjekk heim, var det smil å sjå både hos dei som vant og dei som gjekk tomhendt heim.

Eg har god tru på at dei møter første torsdagen i desember 2025 og.

Sissel



**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

AKTIVITET SVALA 4H



Torsdag 12.desember hadde me julemøte i Svala 4H. Her fekk 4H-erene eit valg mellom aktiviteter ute, just dance, julevekstad og pepperkakepynting. Det var ikkje eit stort oppmøte så alle fekk bytte litt på kva dei gjorde. På slutten av møtet koste me oss med graut, saft og godt drøs. Med julemusikk på anlegget begynte me å få julestemning alle mann.



Her koser 4H-erene seg på kinomøte. Da får barna og ungdommen kome å sjå film. Denne gongen såg me Shrek. Dei fekk kost seg med popkorn og saft.





KORSANG ER HELSEBRINGENDE!

Har du noen gang sett på en kunsthopper og tenkt: «Wow så flott - det hadde jeg ALDRI fått til!» - eller sett en ungdom som trikser vilt og hemningsløst med skateboard og alltid kommer ned på beina og tenkt «WOW - hvordan får de det til?? Jeg ville aldri klart det!»

Mange korsangerne spør naboer og venner om de vil være med i koret, men får ofte høre «Det ser gøy ut, men jeg kan ikke synge - i hvert fall ikke så godt som dere. Og så kan jeg ikke lese noter! Dessuten har jeg så mye å gjøre...»

Her kommer en liten hemmelighet: Korsang kan læres, akkurat som skating og kunsthopp. Og noe som er veldig viktig å få frem er at når du ser en kunsthopper eller skater opptre, ser du ikke alle timene med øving, terping av detaljer, fall og blåmerker. Sånn er det mer korsang også: Når du ser og hører et kor opptre, opplever du sluttresultatet - det som kommer frem etter timesvis og månedsvis med øving og terping. Sannsynligvis var den første øvelsen ganske annerledes... Vanlige sangkor har for øvrig ingen reservebenk, det er ingen konkurranse om å synge finest, og sangere blir ikke kastet ut hvis de synger feil! Og for de som ikke kan noter, så lages det lydfiler som man kan høre på.

Sang er naturlig terapi - uten bivirkninger! Sang frigjør dopamin som gir drivkraft til kroppen, og endorfiner som har smertelindrende effekt, og kan lindre depresjon og ensomhet. Sang kan bremse utbrudd av demens og Parkinsons sykdom, det

hjelper på pust og holdning, er immunstyrkende og reduserer angst og stresshormoner. Dette skjer fordi det å synge berører vagusnerven som har en viktig oppgave i å regulere det autonome nervesystemet.

Det blir ofte hevdet at korsangere lever lenger, og mange kan i hvert fall skrive under på at korsangere lever bedre. Noen kan føle seg litt trøtte og uopplagte før en øvelse, men etter en korøvelse med en god kaffepause midt i, blomstrer de som bare det!

Har du lyst til å prøve deg som korsanger, kan du møte opp på en øvelse og se om det er noe for deg. «Hå dur&moll» er et blandakor som øver hver mandag kl 19.00-21.30 på Bø skole på Nærbø. De har en julekonsert og en sommerkonsert og synger alt fra drikkeviser via pop og klassisk til julesalmer.

«Jæren kammerkor» øver også på Bø skole - hver tirsdag kl 19.00-21.00. Det er litt mer tradisjonelt kirkekor som ofte synger på gudstjenester i Varhaug kirke eller salmekvelder og andre arrangement rundt omkring. Korene består av mange forskjellige individer som ikke alltid virker å ha så mye til felles - det er maskinførere, dyrleger, revisorer og pensjonister - men når de synger sammen, puster man sammen, hjertene begynner faktisk å slå i takt, og man opplever etter hvert en følelse av flyt og mestring. Det ønsker vi at flere skal få oppleve, så du er hjertelig velkommen til korøvelse enten hos oss eller et annet kor du finner i nærheten!

Ragnhild Elisabeth Hoel

Dirigent for Jæren kammerkor og Hå dur&moll

PÅSKEKONSERT I VARHAUG KYRKJE

Velkommen til påskekoncert i Varhaug kyrkje torsdag 27. mars kl. 19.00.

Påska sin bodskap sprenger alle grenser me som menneske kjenner. Til og med dødens grenser vert sperengt. Denne torsdagskvelden vil du kunne setja deg ned i kyrkjebenken og lytta til påskebodskapen på ulike vis. Og hødepunktet kjem heilt på tampen av konserten når soldaten melder at Kroppen æ vekk.

Påskeforteljinga vil verta gjenfortalt på jærsk. Den vil verta sunget på jærsk. Som Tønes seier Dette e ikkje Ten Sing eller ein ivrige predikant med kasse-gitar, detta e Generalen. Stemmen e liga grove så før men syngje nå om ein så «snakka te fålk om kjærlighed». Rolig og monotont males tekstane fram, rørane og ekte. Mandolin og perkusjon hjelpe te og någen blåse i ein trompet her og der. Men det e gitaren og den mørke stemmen te Generalen så drege deg inn. Ingen unødvendige triks, det trengs ikkje hellar.

Sama kæ så tynnje,
Me vett jo dæ:
Me treng'kje frykta,
Me allr'åleina æ.

Leiar i Stavanger Aftenblad skriv dette om albumet «Steiden»

Budskapet er det samme gamle, men språket, dialekten og de kunstneriske grepene gjør at det gamle, velkjente og til dels kjedelig beskrevne, fornyes og oppleves på en annen måte.

Kunstnerisk vri, språklige grep og en sanglig mørk og monoton framføring virker nyskapende. Det er denne kunstneriske framføringen som gir ekstra tyngde til vaksoldatens underlige rapportering til sin overordnede påskemorgen:

«Oberst, dæ æ krefta i sving hær, så går øve enn soldat sin forstann». (Leder, Stavanger Aftenblad 16.april 2022)

Saman med General Forsamling vil og Tor Arve Barøy bidra denne kvelden. Her vil du ikkje bli skuffa!

Billetter får du kjøp på www.varhaugkyrkje.no.
Pris 250 kr per person.

Arr: Varhaug kyrkje

Turid Boganes



ÅRSMØTE



VARHAUG IDRETTSLAG

ÅRSMØTE MANDAG 17. MARS KL. 19.00
JÆREN SPAREBANK ARENA

Anlegget blir stengt for annen aktivitet fra kl. 18.00.

Saksliste og alle dokument vil ligge på hjemmesiden
www.vil.no senest en uke før møtet.

Det vil ligge utskrifter til gjennomsyn utenfor kontorene i
Jæren Sparebank Arena.

Eventuelle saker må meldes til hovedstyret ved Jan Harald
Forsmo
innen 28. februar.

Hovedstyret



VARHAUG IL INVITERER TIL

Årsmøte 2025!

VARHAUGHALLEN
LØRDAG 15.MARS KL 19.00

MIDDAG - PRISUTDELINGER - MUSIKK OG DANS

FESTEN ER GRATIS - 18 ÅRS ALDERSGRENSE
HYGGELIGE PRISER PÅ DRIKKEVARER
MEDBRAKT IKKE TILLATT

PÅMELDING VIA WWW.VIL.NO

NY PÅ VARHAUG

Det flyttar nye folk til Varhaug heile tida, og det er bra. Men koss tek me Varhaug-buar mot desse nye? Er me så pass inkluderande at me seier «hei» til ein ukjent person, som me kanskje har møtt i butikken fleire gonger. Eg trur ikkje det, for det er me ikkje vane med.

Eg hørde her om dagen at det var nokre som lurde på kor dei kunne treffa, og verta kjende med nye folk?

Reknar med at dei som bur i blokk, kjem i drøs med andre, enten i oppgang eller heis. Men kva med dei som har kjøpt huset til «Anna og Lars», som naboane har kjent i årevis. Snakkar me til desse nye framande?

Eg har sjølv kome som innflyttar. Men eg kom i grunnen ikkje til Varhaug, eg kom til ein gard, Hobberstad, og det er jo eit stykke frå stasjonen. Når eg tenker tilbake, så var nok ikkje den første tida heilt enkel. Eg kom frå Bryne og var van med å handla hos Eiden, der eg kjende alle. Eg følte eg kom til ei anna verd, då eg skulle handla på Varhaug. Difor tok det ei tid før eg følte meg heima under handleturen. Og då var det godt å gå til Auesten og Anton, det tykte eg var litt meir «heimsligt».

Men eg begynte tidleg å gå i bygdekvinnelaget, eller bondekvinnelaget som det heitte då. Og det var det heldigvis ein eldre nabo som fekk meg med. Ho hadde tidlegare sykle til møta, noko som var det vanlege på slutten av sekstitalet, så nå kunne me køyra saman i bil. Eg kom og tidleg med i styret, så då vart eg kjend med nye folk.

Så fekk eg ungar som vaks til, og då vart eg heilt naturleg med i deira aktivitetar, idrettslag og korps.

Men kjem du til Varhaug, framan og utan familie, og har lyst til å vera kjent med folk, kor går ein då?

«Kva skjer» i Jærbladet er ein god plass å orientera seg om ymse aktivitetar ein kan gå på. Og elles er det «oppslag i «ramen» både hos Spar og Extra, til høgre når ein kjem inn dørene begge stader (i alle fall om du kjem inn frå vest på Spar).

Men eg kan nemna nokre, som dei fleste sikkert kan gå på; Bingo på Eldresenteret måndag kl.1500-16.30. Her har ein først ein runde med bingo, så ein liten kaffipause m/litt å bita i, og så ein runde med bingo igjen. Mange trivslege folk både frå Varhaug, Nærbø og Vigrestad.

Er du litt støl i kroppen, så er det kjempegod trim på Idrettshuset tysdag kl.10.00-11.00 i regi av bygdekvinnelaget. Her er me ca 40 kvar gong.

Annan kvar onsdag; lunsj i Lensmannsløå kl. 12.00-13.30 med kjempegod suppe.

Den andre onsdagen er det; «Vi over 60» på Misjonshuset kl.14.00

Siste tirsdag i måneden; Møte i Pensjonistforeninga i det sosiale romet på Iden (Idrettsplassen), med mange gildepogram.

Siste torsdag i måneden; Møte i bygdekvinnelaget i Lensmannsløa. Her er det og gildepogram, som kan passa for alle.

Elles kan det vera lurt å lesa referata frå dei ymse arrangementa i Jærbladet.

I Varhaugbuen, som kjem i alle postkassane, og som me håper nye folk les, får me kjennskap til ein god del av dei aktivitetane som finnes, både for unge og eldre.


LIV

SKAL ME TA VARE PÅ GMLE AUESTAD SKULE?

Dette stod på programmet då det nyleg var innkalla til møte på skulen, og heile 29 møtte opp. Varhaugbuen fekk eit tips om dette, og eg møtte og opp. Det var første gongen eg var inne i skulehuset, og der såg det faktisk betre ut enn på utsida. Det vart litt snakk fram og tilbake om kva dei måtte gjera, og om dei ville gjera noko, kva som burde gjerast først, kostnad osv. Trur det vart danna ei nemnd som skulle arbeida vidare med planen, og så koma tilbake il dette ved eit seinare høve. Det var nok vel mange lause trådar i lufta til at folk nå kunne stemma over kva som måtte gjerast; fiksa opp eller ikkje.

Liv

VARHAUGMARKEN



Den årlege marken vert i år fredag 30, og laurdag 31. mai, med Ongaløpet på fredag og Varhaugmilå på laurdag, og programmet elles stort sett som tidlegare år.

MEN I ÅR er det noko heilt nytt: Jærhatten får besøk av danske hattedamer, som me reknar med vil setja ein ekstra spiss på dagane. Håper det er andre og som vil lufta hatten under Marken.

Fullstendig program for Varhaugmarken kjem i neste nummer av Varhaugbuen, som kjem ut i dagane før Marken .
Liv

AUESTAD - BASAREN

Misjonsforeninga som har halde liv i denne basaren i åravis, manglar berre to år for å verta 150 år. Og det er ikkje få koner som har halde liv i denne foreninga. Nå er det berre å håpa at dei som stod for basaren i år, held ut i 2 år til, slik at me kan få feira 150 års jubileum.

Før i tida var basaren på skulehuset på Auestad, og dagen var 6. januar. Dei siste åra har denne vore på misjonshuset den laurdagen i januar som er nærast den 6.

I år klaffa det med dagen. Og basaren har vel hatt det same innhaldet alltid; andakt i starten med song og musikk. Loddsal og utlodding og mykje god kaffimat. Eg har vore på den basaren dei siste åra, og det er alltid mykje folk. Det kjem faktisk ein del utanfor Varhaug, for dei minnest denne basaren som noko mor eller bestemor hadde vore med på. Sidan eg nå har fått oldebarn, måtte eg sjølv sagt ta nummer på «onga-tingå». Eg var heldig og vann ei øskje med fargeblyantar, og det passa bra då oldebarnet hadde bursdag like etter.

Liv



Foto: Brit Obrestad

KOFTEKVELD



Bygdekvinnelaget sitt fyrste medlemsmøte i 2025 hadde temaet, koftekveld. 39 damer, dei fleste med kofter, kom på møte.

Kjellaug Aa. Varhaug og Liv J. Reiestad hadde eit interessant foredrag for oss om kofta si historie. Dei hadde og med seg mange nye og eldre kofter og då kunne vi mellom anna sjå korleis Marius-genseren har endra seg over tid. Ei av koftene til Kjellaug hadde og si eiga historie.

For dei som ynskte det, var det mogleg å ta kopi av mønster som var lagt fram.

Det var satt av god tid til både spøt og drøs, og godt drøs var det.

Hovedgevinsten på åresalget var gavekort på garnbutikken på Vigrestad. Astrid



VARHAUG BYGDEKVINNELAG

Plan for våren

27. Februar : Retrokveld

6. Mars : Sonemøte på Nærbø

9. April : Strikketur til Kristiansand

24. April : Vårsmøte på Bondekompaniet

21. Mai : Vandring på Varhaug

Juni : Busstur i lag med dei andre laga i sona



HÅ HISTORIELAG

Hå historielag hadde årsmøte i Lensmannsløa 19. februar. Årsmelding syner eit aktivt år, med mange gilde møte. Laget har 94 medlemar og god økonomi.

Martin Stangeland og Asbjørn Enoksen, som sjølv har spela i danseband, tok oss med på «dans på Jæren i 1960-70 åra», med både forteljing og lyd.

Desse er i styret: Mikal Siqveland, leiar. Elisabeth Haukeli Skretting, sekretær. Vegard Kvalbein, kasserar og Rune Werner Wiik, Ingeborg Nærland Skjærpe, Per Inge Undheim og Lars Haarr, styremedlemar.

Hå historielag har planar om å få til ei årbok, og vonar medlemmane er positive til dette, og svarar JA når dei vert spurde om å bidra med nok.

Liv



Kl generert

SLAKTARKAFFE'N



Kor mange gonger har me ikkje høyr: «Me sko hatt ein kafe på Varhaug». Det har gått ein del år sidan sist me hadde det.

Så fekk me Slaktarkafe'n. Men kva skjer? Kor er dei folka som sakna ein kafe?

Eg har nytta meg av kafeen fleire gonger, men stort sett sit eg der aleine. Er det berre eg som har god tid, og tykkjer det er godt å sitja ned med ein kaffikopp, og litt godt å bita i?

Me var ein gjeng som møttest fredag kl. 12.00, men det gleid liksom berre ut..... Og så fredagen då, der det vert servert noko ekstra! Dette vert det til og med annonsert om i Jærbladet på tysdag. Og den første fredagen i månaden har det vorte obligatorisk med bakt potet. (uummm) Elles finn du mange gode ting i butikken, som du kan kosa deg med.

Det er ein del som kjem til kafeen på torsdag, då det er komle-dag, og det er til og med blodkomle ein gong i månaden! Og så er det ein del som sluttar av trimmen med kaffi der. Men elles har det vore ganske tomt dei gongene eg har vore innom. MEN i dag - 7. februar - var det godt med folk, som kosa seg med bakt potet.

Elles er det ein del arbeidsfolk som tek lunsjen sin her, både med farse og pannekake, men oss Varhaug-folk ser eg vanlig ikkje så mykje til.

Tykkjer litt synd på Skrettingen som har teke eit hint, og laga til dette. Kanskje vil nokon seia at det ikkje er ein ordentleg kafe, sidan me må kjøpa maten inne i butikken. Men kjære folk, det går vel for det sama om ein bestiller der inne, enn om me gjer det i kafe'n? Dette er i grunnen ein vinn-vinn situasjon for oss alle. Me kan kosa oss med litt kaffi, og Skrettingen kan nytta folka sine til anna arbeid, som ikkje er reint kafe-arbeid.

Eg vil i alle fall takka Reidar for at han fekk til Slaktarkafe'n, og håpar at dette «litla stuntet» kan visa folk på Varhaug kva med har. Vil me ha ein kafe, må me og bruka den.

Liv

HÅ KARATEKLUBB - EN STOLTHET I LOKALMILJØET



HÅ KARATEKLUBB
MED RESPEKT & STYRKE

Hå Karateklubb har vært et viktig samlingspunkt for karateentusiaster i Hå Kommune i mange år. Klubben tilbyr trening for både barn, ungdom og voksne, og er kjent for sitt sterke fellesskap, og sitt engasjement for å fremme både fysisk og mental helse gjennom sport. Klubben er tilknyttet Norwegian Karate Association JKA og trener tradisjonell JKA Shotokan karate. Vi er også tilknyttet Norges Kampsportforbund og Norges Idrettsforbund.

Klubben har et variert treningstilbud som dekker alt fra nybegynnere til erfarne utøvere. Treningene fokuserer på både teknikk, fysisk utholdenhet og mental styrke, og klubbens filosofi er at karate ikke bare handler om fysisk kamp, men også om disiplin, respekt og personlig utvikling.

«Vi er veldig stolte av det miljøet vi har bygget her. Vi ser utøverne våre vokse, både som utøvere og som individer,» forteller Arild Hølland, en av klubbens dedikerte trenere.

Den pågående planleggingen og satsingen på trenerkompetanse og den gode oppfølgingen av klubbens utøvere er med på å heve standarden for treningene. Klubben har også gjestetrenere fra flere vennskapsklubber, bl.a Lura Karateklubb og Sola Karateklubb.

Hå Karateklubb: En spennende mulighet for vekst og utvikling

I februar deltok hovedtreneren for Hå Karateklubb på en omfattende trenersamling arrangert av Norges Karateforbund. Arrangementet samlet trenere fra hele vestlandet og ga et dyptgående innblikk i både

teknisk utvikling. En trener-samling med fokus på standardisering, internasjonal lisensiering og erfaringsutveksling

Trenersamlingen, som ble holdt i Lura Karateklubbs Doju, hadde et variert program som inkluderte workshops, seminarer og praktiske økter, ledet av eksperter og erfarne instruktører. Hovedfokuset var forbedring av treningsmetoder, utvikling av teknikk, samt hvordan skape et trygt og inkluderende miljø for alle medlemmer, uansett nivå.

Hå Karateklubb hovedtrener Linn Jeanette har lang erfaring innen karate som utøver. Hun har vært medlem i Hå Karateklubb i 19 år. Linn Jeanette er 24 år, grad 1.kyu. og skal gradere seg til 1. Dan.

• «Dette er en fantastisk mulighet for å videreutvikle både våre egne trenerferdigheter, men også for å kunne prøve vår kunnskap til de andre utøverne,» sier Linn Jeanette, hovedtrener i klubben.

En framtid med flere muligheter

Hå Karateklubb ønsker å styrke sin posisjon i kommunen ved å satse på trenerutvikling. Med instruktørenes deltakelse på trenersamlinger markerer klubben sitt mål om å gi utøverne best mulige forutsetninger, enten for personlig mestring eller konkurranse på toppnivå.

Klubben ser også frem til flere spennende konkurranser og arrangementer, og åpner dørene for nye medlemmer som ønsker å prøve karate. Dette både for dem som er ute etter å forbedre sin egen helse, eller konkurrere på et høyere nivå.

• Dæ så motivere mæg te å ta ansvaret som hovedtrener æ fyst å fremst at æg he våre mæ si klubben vart stifta, å æg he en enorm stor kjærlighet for klubben så æg he hatt i mange år. Åsså rett å slett





Noen utøvere fra Klubbmesterskap i November 2024 på Dojo Nærbø. Her ved instruktører Hans Ingvar Kvía og Malak Kassab.

hjelpa resten i klubben te å konkurrera, gradera sæg å kåma sæg høgare opp i gradene. Dæ æ ao enormt givanes å sjå når andre får mestringsfølese å dæ jer mæg enormt mølge glede på andres vegne. Veldig jildt å sjå andre si framgang utvikling på karate fronten, forteller hovedtrener Linn Jeanette.

Det er mye som skjer i Hå Karateklubb. I løpet av et år arrangeres det klubbmesterskap, gasshuku, shopu ippon cup, treningssamlinger, egentreninger, sommer-avslutning og juleavslutning. Vi ønsker også å bli kjent med hverandre utenom Dojo'en, og har vært på fotballkamper og spist pizza sammen.

Høydepunktet er nok allikevel gradering, noe som skjer to ganger årlig. Her samarbeider klubben tett med vennskapsklubber. I fjor sommer reiste klubben til Stord med overnatting på skole/hotell. På høsten deltok klubben på gasshuku i Lurahallen sammen med flere hundre utøvere.

Treningstider:

Barnegruppen:

Varhaug Skule mandag kl 18.15-19.15

Varhaug Skule onsdag kl 18.30-19.30

Bø Skule torsdag kl 18.00-19.00

Ungdom/Voksen gruppen:

Varhaug Skule mandag kl 19.15-20.15

Bø Skule torsdag kl 19.00-20.00

Vil du prøve karate hos oss, så ikke nøl. Du er hjertelig velkommen på en av våre treninger

Følg Hå Karateklubb i sosiale medier:

Hjemmeside: <https://haakarateklubb.no/>

Facebook: <https://www.facebook.com/groups/1585445872221740/>

Kontakt: haakarateklubb@gmail.com

Se video av hvor kjekt vi har det i klubben:

<https://www.facebook.com/855425163/videos/1271313470658948/>

Klubbantrekk: <https://proffsport.no/collections/ha-karateklubb>

Bidrag til Varhaugbuen, skrevet av Merete Grov Haugsgjerd, Styremedlem Hå Karateklubb



En gjille gjengfra klubben.



BARNAS DAG

Det hele startet med: Alltid best sammen!

Jenter 15 (f. 2009/2010), Jenter 13 (f. 2011) og Gutter 13 (f.2011) hadde booket håndballturnering til Danmark i påsken 2025, og alle hadde et felles mål om å få ned egenandelen mest mulig, da både turnering og transport til Danmark koster en god del. Derfor satte representanter for hvert lag seg ned sammen, til en idemyldring. Det står ikke på idéer når denne gjengen samles, men etter hvert klarte vi å trekke fram en felles ide som vi alle hadde trua på. Etter god dialog med «Iden» fikk vi booket hallen og begynte jobben frem mot den store dagen.

Alle lagene ønsket å få dette til sammen og litt av poenget var at jentene og guttene selv måtte bidra for at dette skulle gå. Her skulle spillerne stille opp selv og gjør en innsats for andre. Og det er også litt av grunnen for at vi landet på idéen Barnas dag, for å gi noe tilbake til dem som kom for å støtte opp om oss.

Barnas dag inneholdt frilek for de minste, turnrom, HAFO (håndball og fotball), mesterens mester øvelser, Beauty-salong (hårfletting, hårfarge, neglelakk og tatovering), loppemarked (med gode priser), kafé og ikke minst baser med åretrekning.

Vi setter utrolig stor pris på alle som kom å gjorde dagen så fantastisk som den ble, TUSEN TAKK! Vi voksne fikk høneskinn når vi så det datt inn dørene. Over 300 barn besøkte oss, og alle hadde bare positive tilbakemeldinger om opplegget, noe som gjør dette ekstra gøy!

Dette gjorde at vi fikk dekket inn en god pott til turnering/transport.

Vi håper å dra konseptet videre til neste år, så det bare å glede seg! For vi skal jo ikke slutte og utvikle oss som håndballspillere og turneringer er et viktig ledd for å skape utvikling og gode minner sammen.

Helsing idégruppa:

Tina, Sigrid, Jane Helen, Gunn Berit, Randi og Alf





TIRSDAGSMENNENE

To tirsdager i måneden har vi gleden av «Tirsdagsmennene» - en fantastisk gjeng som stiller opp for oss, og alltid er klare til å hjelpe med det som måtte trenge. Vi lager en liste over oppgaver som trenger å bli tatt hånd om, enten det gjelder vedlikehold, småreparasjoner eller andre nødvendigheter på anlegget.

De har også sine egne ideer om hva som bør gjøres - som å slå plenene, fjerne snø og is foran inngangspartiene, rydde søppel, bytte søppelsekker ute, og mye mer. Når det dukker opp oppgaver som ikke kan vente, tar vi raskt kontakt med dem, og de stiller opp så fort de kan. I noen tilfeller må vi bruke spesialister, som taktekkere eller rørleggere, men det er en stor lettelse for oss at «Tirsdagsmennene» vet hvem de skal kontakte og tar ansvar for å få dette ordnet.

Vi hadde rett og slett ikke klart oss uten deres uvurderlige hjelp. De er dyktige, positive og alltid villige til å bidra. Tusen takk til hver og en av dere for det fantastiske arbeidet dere gjør - vi setter stor pris på dere!



STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

9. mai 2025

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Varhaugbuen skal ha årsmøte mandag 28. april kl. 18.00.

Mons SkrettingInd vert med oss.

DEI VANSKELEGE SPØRSMÅLA - TEMAKVELD

19. MARS KL. 19.00

Festsalen ved Varhaug og Oga kyrkjekontor

Kva svarer me når me får vanskelege spørsmål om trua vår? Er det gode svar på alle spørsmål om trua vår og livet som kristen? Fredrik Stormark frå «Grill en kristen» i Laget vil undervisa om temaet. Det vert servering av kaffi, te og litt å bita i.

Arr: Varhaug kyrkje



Påskeegg

KJØP PÅSKEGG TIL INNTEKT FOR VARHAUG IDRETTSLAG

KR 125,- PR STK

DU KAN HENTES PÅ IDEN TORS DAG 10.04 OG FREDAG 11.04 MELLOM 16-21



Hvis kua fikk velge..



FJOS-PC

- Perfekt for melkerobot
- Raid 1 backup
- God ytelse
- 2 nettverkskort
- Windows 11 Pro



Datahjelpen.IT as

Vesthagen 2
Bryne
Tlf: 51485000



**Bonde
Kompaniet**
Varhaug

Helgjødssel 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



**Hage-
gjødssel
25 kg**

599,-

**Hagekalk
25 kg**

179,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8–17 (9–14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no